



John Nesse
Seimsstranda 497
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6652 - 22/90260

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
25.11.2022

Ferdigattest stålpipe og ildstad - gbnr 177/20 Neset

Administrativt vedtak: Saknr: 1351/22
Tiltakshavar: John Nesse
Ansvarleg søkjar: Murmester Wiik As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for montering av stålpipe og ildstad i einebustad på gbnr 177/20.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.10.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.11.2022.

Skildring

Adresse:	Seimsstranda 497
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	12497423
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/6652

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

John Nesse	Seimsstranda 497	5912	SEIM
Murmester Wiik As	c/o Kjersti Møllerup Wiik Litlevika 42	5914	ISDALSTØ